

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 27. november 2012.

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Arne Vinje, Solveig S. Abrahamsen, Erik Skjervagen, Hans Bakke, Therese Hauger, Tor Eivind Erikstein, Per Dehli, Ketil Kiland, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggnes
I tillegg var desse tilstades: Jon Skriubakken, Lill Susan Rognli Vale, Eivind Kaasin, Silje Hegg, Børge Skårdal

Møteinnkallinga vart samrøystes godkjent.
Saklista vart godkjent.

Sak 55/2012 Referat frå rådsmøte 17. oktober 2012.

*Vetak: Vest-Telemarkrådet godkjenner referat frå rådsmøte 17. oktober 2012.
Samrøystes.*

Sak 56/2012 Orientering om endringar i VTR sitt budsjett som fylgje av omorganisering til § 27-selskap.

Det låg føre forslag til endringar i inneverande års budsjett.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til endringar i inneverande års budsjett. Samrøystes.

Sak 57/2012 Forslag til budsjett 2013 - Vest-Telemarkrådet.

Med utgangspunkt i ny organisering låg det føre forslag til budsjett 2013 for Vest-Telemarkrådet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til budsjett 2013 med tanke på endeleg handsaming i Tinget 11. desember.

Sak 58/2012 Kommunikasjonsplan, profilering av Vest-Telemark. Drøftingssak.

Eivind Kaasin og Silje Hegg frå Vest-Telemark Næringsutvikling var tilstades og orienterte innleiingsvis om saken. Dei har utarbeidd eit forslag til kommunikasjonsplan/profilering av Vest-Telemark som mellom anna inneber ei vidare utvikling av bygdlevismeklinga og vertskapsarbeidet i regionen. Planen svarar på dei 2 av målsettingane i arbeidsprogrammet som går på folketal/busetnad og samkjensle/identitet.

Planen peikar på overordna strategiar og arbeidsmetodar som nettportal, sosiale medier, nyhendebrev og andre tiltak og er foreslege som budsjettpost i 2013.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 59/2012 Telemarksvingen - prosjekt forslag: Dokumentasjon og skisse til tiltak.

Det låg føre forslag frå Børge Skårdal i VTNU om å gjera eit dokumentasjonsarbeid i høve til funksjonar og nytte dei aktuelle fylkesvegane i regionen har for samfunnet, samt gjere greie for aktuelle fysiske tiltak for å få betre og sikrare vegar.

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet sluttar seg til vurderingane som er gjort i vedlagte notat og gjev klårsignal til å gjennomføre det skisserte arbeidet innafor ei ramme på kr 400 000,- av dei tidlegare løyvde midlane.

Ein ber også om ei kartlegging av dei øvrige fylkesvegane i regionen som grunnlag for å få tilført ekstra statlege midlar for å gjenopprette ein viss minstestandard på dei dårlegaste vegane. Samrøystes.

Sak 60/2012 Forslag til sakliste Vest-Telemarktinget 11. desember 2012.

Rådet drøfta rapporteringsform og ein gjeng inn for å endre formen til ei meir inngående rapportering av enkelte aktuelle saker.

Vedtak:

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste Vest-Telemarktinget 11. desember 2012.

Sak 61/2012 Forslag til møtekalender 2013 for Vest-Telemarkrådet og AU.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møtekalender 2013 med 1 veker endring av desember-møta.

Sak 62/2012 Drøftingssaker/orientering.

Koordinering av reiselivssatsinga i Vest-Telemark.

Lill Susan Rognli Vale orienterte nærare om saken. Godt klima for samarbeid. Ny reiselivsstrategi er vedteke på sentralt hald. Ønske om større regionar. Ikkje avklart pr i dag. Vi må halde fram med arbeidet medan dei sentrale strategiane blir utarbeidd. Det er sett av noko økonomiske midlar i budsjettet for 2013.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Synleggjering av næringsverksemdar innafor reiseliv.

Tone Lundeberg Reinholt var tilstades og orienterte nærare om saken.

"Synleg næring i Vest-Telemark" - Pilot i Nissedal. Det er gjennomført eit forprosjekt - infokioskar i Åmot, Seljord, Dalen, Felle og 2 stk i Treungen.

Regionen har mange små bedrifter som "må" på nett. Det er behov for å vise fram nisjebedriftene, men desse har ofte ikkje tid til å drive med marknadsføring. Alle vil men få får det til !

Kvar kommune treng ei lita gruppe næringsdrivande som har fokus på marknadsføring pluss ein koordinator for heile regionen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og oversender saken til rådmannsutvalet. (Viktig at dei ulike gruppene får mandat)

Gjenstående vegparsell aust for Grunge kyrkje.

Regionrådsleiar orienterte nærare om saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil skrive eit brev til statens vegvesen region sør og be om at parsell på E134 aust for Grunge kyrkje vert utbetra samstundes med den utbetringa som no går føre seg på strekingen Grunge kyrkje - Velemoen.

Bulyst, vidare arbeid/finansiering.

Ole Dalen orienterte kort om saken.

Det er løyvd kr 300 000,- i regionale utviklingsmidlar og øvrig finansiering må på plass før ein kan iverksetja prosjektet. Vi er no ved eit beslutningspunkt.

Vedtak: Saken oversendast dei næringsansvarlege med tanke på evt. vidareføring av prosjektet.

Organisasjonen «Merpoliti», spørsmål om økonomisk støtte.

Det låg føre søknad om økonomisk støtte frå foreninga «Merpoliti» v/Andreas Cleve.

Hovudføremålet med foreningen er å arbeide for å oppretthalde (gjenopprette) eit synleg politi i by og bygd i Telemark.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet har ikkje høve til å imøtekomme søknaden.

Ekstra sak frå Ketil.

Det har dukka opp ei problemstilling i høve til mogleg reduksjon av konsesjonskraft-

inntekter ved innføring av bio-kraft. LVK ber kommunane ha dialog med fylkeskommunen i saken .

Vedtak: VTR ser dette som ein uheldig sak og vil ta saken opp med fylkesordførar.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes